

## Årsmøte Møre og Romsdal Sau og Geit på Hotell Union i Geiranger 27-28 febr 2010

Årsmøtet vart åpna med eit seminar om utmarksbeitet. Tema på seminaret var Utmarksbeite i framtida der Yngve Rekdal frå Skog og Land forelas og Handlingsplan mot rovvilt, der Håvard Øyrahagen frå NSG orienterte om handlingsplanen så langt.

Til seminaret var alle kommunane i M og R inviterte, men kun 4 av kommunane var representerte, - svært skuffande.

Yngve Rekdal frå Skog og Land heldt eit inspirerende men og tankevekkande foredrag om verdien, bruken av utmarksbeite, om attgroing, om ulike beitetypar og bruken av utmarka i framtida. Han framhelldt at bruken i framtida vil bli mykje meir ordganisert i større einingar enn den er i dag.

Mangel på gjerder og utforming av teigane er i dag eit stort problem.

I debatten etterpå var det mange engasjerte innlegg.

Atle Arnesen ville ha omfordeling av STILK og SMIL midddlar til meir målrette tilskot til utmarksbeite.

Magnus Skjerdal spurte om kommunane har dei "reiskap" som skal til for å organisere beitebruken utan å trkke grunneigane på tærne.

Jordbrukssjef svara at det har dei ikkje og Drabløs heldt fram at bønder og går over til å bli berre grunneigarar som regel endrar holdning til å sleppe andre inn på si utmark..

Arnfinn Ottar Lien: Eg skal sikre at dette vert teke opp i fylket.

Arnesen: Sogn og Fj har eit liknande prosjekt, -sjå korleis dei har gjordt det ?

Håvard Øyrahagen frå Nsg er sekretær i gruppa som har laga handlingsplan mot rovvilt.

Planen skisserar kva dei ulike nivå: Lokalelag, fylkeslaget og landslaget kan gjere i kampen.

Planen ligg på Nsg sine heimesider.

Mange engasjerte innlegg og møtet enda med at ein vedtok å ha rovvilt som ei prioritert sak kommande år.

Arnfinn Ottar Lien som og var møteleiar var sterkt engasjert og peika på at alt me gjer i avl og miljø vert bortkasta nå rovdyra stikk med "gevinsten"

Under budsjettbehandlinga dagen etter var posten for rovvilt auka til kr 20.000,-.

Etter ein kaffepause var det Vivi Lindholm sin tur med organisasjonskurs.

Vivi Lindholm har i mange år vore ordførar i representantskapet og kjenner "reglane" i organisasjonen ut og inn.

Ho tok oss med gjennom oppbygging av nsg,lovne,dei ulike nivå i organisasjonen, arbeid i styret, valgnemda og andre nemder.

Undervegs vart og mange andre spørsmål i tilknytning til det ho sa drøfta og kommentert.

Det er utgjene ei handbok som inneheld det som vart gjennomgått.

Positive ting som skjer i organisasjonen må fram i media.

Gjensidige betalar oss for å ha innlegg. Dette vert ein vinn-vinnsituasjon for oss.

Me får støtte til årsmøtet og ei god orientering attpå. Denne gongen avslutta Magnar Kvalvåg med å opplyse om at eigarane av Gjensidige , som er forsikringstakarane vil få utbetalt utbytte dette året.

Det gjer godt !

Dagen vart avslutta med appritiff , utdeling av fat til eigar av beste vær Bjørg og Stein Kåre Nisja, eigar av beste bukk Einar Arne Stennes og vinnar av fylkesmeistarskapet gjetarhund Atle Arnesen med hunden Heide.



Stein Kåre Nisja . Oppdrettar av beste væren i fylket i 2009



Einar Arne Stenes hadde beste bukk i 2009



Atle Arnesen med hunden Heide vart fylkesmeistar nok ein gong.

I tillegg vart 60-årsjubelant Magnus Skjerdal overrekket gåve frå laget (MRSG) og helsing frå Sfsg.

Etterpå gjekk med til middag og sosialt samvær.

### Søndag 28 var tid for årsmøtesaker.

Olav Sørstrand og Arnfinn Ottar Lien var møteleiarar.

Frammøtte . Alle som var påmelde og fleire ektefeller.

Sak 1 Opprop: Møteleiar foretok opprop

Sak 2 Underskrivarar av møteboka: Ståle Mordal og Marit Hellebostad vart valde

Sak 3 Leiarens tale: Står i årsmeldinga –God tale !!

NSG må gje lettare tilgang til heimesida

Medlemstal held seg relativt stabil ned 10.

Sjekk opp lag som har særst liten aktivitet.

Samanslåing av lag bør kome frå fylkeslaget.

Aktivt lag: Ørsta vart uttrekt til å få gratis opphald for ein utsending på årsmøte el leiarmøte av dei laga som har sendt inn årsmelding.

- Framlegg om å redusere tal medlemmar bak kvar utsending til 20  
Me legg opp ei sak om dette på neste årsmøte.
- Framlegg om å halde årsmøte i Molde kvart år  
Me legg opp ei sak på neste årsmøte. (neste år skal årsøtet vere i Molde).

### Sak 4 Årsmeldingane.

Region midt ved Atle Moen

- Tal kåra verlam har gått mykje ned. Dei er viktige for miljøet og bør halde fram
- Ein værring mindre. Vestre sunnmøre har gått inn i Ørsta
- Mange ringar gjer det godt. M og R hevdar seg godt på landsbasis.

Jan Ove Stene; Må få med fleire i avlsarbeidet.

Asbj Eikrem: Indeksane har gått ned siste åra ?

Ein index vert nedskriven med 5 pg kvart år og indexane går ofte ned når avkomstgruppene vert større.

Organisert beitebruk, tap på beite, Rovdyr.

Magnus gjekk gjennom årsmeldinga Organisert beitebruk, tap på beite frå Åshild og om Rovdyr frå Sidsel.

Rovdyrproblematikken er berre trist og og tragisk.

Arnfinn: Kom med innspel på Rovvilt. (han heldt her eit loganede innlegg)

Jarle Hauge: Me må jobbe mot rovdyr elles er alt bortkasta.

Odd Bjarne: Svein Skjølsvold. Kan han vere vår mann

Magnus: Sivil ulydigheit med skyting og rettsak og prøve saka i rettssystemet ?

Me arbeida litt med dette "på sida"

Årsmelding Møre og Romsdal Gjetarhundlag v. Odd Bjarne Bjørdal.

Vedtektene vart tekne til etterretning . Godkjenninga må takast på første styremøte.

Astrid etterlyste bukkekårsstatistikk. Ettersom avlsutvalegt geit er lagt ned har me ingen til å skrive ette. Me tek det opp med avlsrådet .

Årsmeldinga for Møre og Romsdal Sau og Geit vart deretter godkjent.

Sak 5 Rekneskap: John F Engdal gjekk gjennom.

- Underskot  
Kva gjer me: Ein del dikusjon om sparetiltak m.a gjetarhund.

Rekneskapet vert godkjent samrøystes.

Sak 6 Budsjett: Framlagt,

Endringsvedtak: Leiarmøte 20000 opp, 10000 utbet til gjetarhund.Rovdyrtiltak opp til 20000,-

Underskot på 6400 i budsjet.

Budsjettet vedteke.

Sak 7 Valg

På Val: Leiar Inger Johanne Tafjord, styremedlem Olav Sørstrand og Sidsel Ramsøy, alle vararepr, revisorar og 1 valnemndmedlem.

Styremedlem Sidsel Ramsøy hadde sagt frå seg attvalg.

Valget:

Leiar: Inger Johanne Tafjord –attvald samrøystes.

Styremedlemmar: Olav Sørstrand (attvalg) og Solfrid Holm frå Rødvendalen SG (ny)

Vara til styret: 1. Astrid Tronstad Dyrkorn, 2. Arnfinn Sandøy og 3. Helga Krangnes.

Revisorar for 1 år: Håvard Folden og Thor Ringsby.

Vararevisor: Magne Dahle.

Ny medlem i valnemda: Ståle Mordal Fræna. Frå før: Svein Skjølsvold og Atle Bakken.

Godtgjeringar som før. Dvs 12000 til leiar og 1000 til kvart styremedlem og leiar i avlsutvalg sau.

Møtegodtgjering kr 1000 pr dag og reiseref etter statens regulativ.

#### Sak 8 Organisasjoane:

Nortura : Paul Sindre Vedel snakka om medlemsinnskot, eigenkapital , og stoda elles i Nortura. Innskot i Nortura gjev 6% rente.

Tine: Helga Kvamsås om Geitkontrollen .Innlegget står i årsmeldinga.

13 medlemmar har i 2009 ikkje gjennomført geitkontrollen.

Buskapsstorleik gått opp med 9 geiter til 120.6

Medelavdrått 2009: 646 kg mjølk. Ca 40 kg under landsgjennomsnitt

Geit i vekst: Prodsjektleiar Ola Søgnesand snakka om arbeidet i året som gjekk. (sjå årsmeldinga)

Prosjektet har utvikla seg til å bli ein av dei viktigaste rådgjevarkjeldene i norsk geitehald og gjer ein innsats på dei aller fleste felt i geitehaldet.

Viktige arbeidsoppgåver i 2009:

Sjukdomssanering, bygningsplanlegging og kjøtproduksjon på kje.

Under skrift av årsmøteprotokollen: Ståle Mordal, Marit Hellebostad.